



Professor Reidar Myklebust hadde klassen i si hule hand då han underviste om hjernen.


Engasjementet og interessa var på topp då professor Reidar Myklebust underviste 7.klasse ved Uskedal skule om hjernen onsdag. Dette måtte også vera ein draumetime for professoren, for sjølv om han gjorde ein svært god figur som vanleg, må eg sei at dei 23 elevane imponerte endå meir. Dette var kjekt!!



Stor iver blant elevane då dei sette saman modellen av hjernen.

Det lyste vitebegjær frå 23 par auger alt då professor Reidar Myklebust kom inn i rommet. Det var tydeleg at kontaktlærer Åse M. Neset hadde førebudd elevane særdeles godt, og at dei hadde store forventningar til timen med mannen som har svar på det meste som rører seg i hjernen til menneska. Tonen og kontakten mellom professoren og elevane var på plass frå første stund.

Læringsøkta starta med at elevane samla seg rundt ein pult. Delene av ein hjernemodell vart tømt på pulten, og elevane fekk i oppgåve å setja saman hjernen så raskt som mogeleg. Med utruleg iver og godt samarbeid løyste dei 23 elevane oppgåva på sterke 1 minutt og 10 sekund. Det er den beste tida som nokonsinne er oppnådd på hjernesamansetjing på Uskedal skule. I følge hovuddommaren var det ei usedvanleg sterk rekordtid.



På rekordtid hadde dei fått alle delene på plass i hjernen

Reidar fortalte om oppbygginga av hjernen, kva oppgåver dei ulike delene har og korleis dei ulike delene samarbeider. Elevane fekk vita om arbeidet til professoren, om ulike sjukdommar som skriv seg frå hjernen, ja, dei fekk til og med vita kva del av hjernen som tek seg av forelskelsen.

Elevane hadde førebudd seg svært godt. Dei hadde alt god grunnkunnskap om hjernen, og dei stilte mange særdeles gode spørsmål. Ein ville vita om det gjekk an å flytta hjernen frå eitt menneske til eitt anna slik som ein gjer ved nyre- og hjartetransplantasjonar. Då svaret var benektande på dette, var oppfølgingsspørsmålet om Reidar trudde forskning ville gjera det mogeleg i framtida.

- Kva skjer når vi får vondt i hovudet?
- Fungerer alle hjernar likt?
- Kvifor likar vi sånne lag som Brann? Kor i hjernen vert det bestemt?
- Hvis du slår deg i hovudet, mister du hjerneceller då?
- Kva del av hjernen er mest utsett for skade?
- Er det spesielle grunnar til at dei får slag og hjerneblødning?
- Korleis kan ein kjenna om ein får slag eller kreft?
- Går det an å ikkje ha ein tanke i hovudet?

Dette var berre nokre av dei mange gode spørsmåla som vart stilt. Professoren svarte bra på dei fleste. Det gjorde han også då han fekk spørsmål skilnaden på manne- og kvinnehjernen. Han fortalte at hjernen til menn er større enn kvinnehjernen. Då han spurde om det betydde at menn er meir intelligente enn kvinner, fekk han eit klart nei til svar. At svaret til elevane stemmer, understreka han med at elefanten har klart større hjerne enn mennesket. Men det er ikkje elefantane som er dei mest intelligente.

Dei kom også innom andre skilnader på hjernen til dei to kjønna, og Myklebust kunne fortelja om forskning som har vist grunnane til at damer er flinkare til gjera fleire ting samstundes enn menn.



Reidar trivdest og var imponert over kor flinke elevane var.

- Korleis klarer vi å drøyma når vi søv? spurde ein elev. Dette visste ikkje Reidar så mykje om, men han kunne fortelja at han drøymde mykje tull og tøys sjølv. Klarare var svaret til eleven som spurde om klassen kunne besøkje han på jobben dersom dei reiste til Bergen på klassesetur.
- Klart det må gjera det, var svaret hans, og han skisserte kjapt eit interessant opplegg. Det verka som han gledde seg stort til å få denne flotte og flinke gjengen på besøk.
- Du er den an beste læraren, sa ein elev avslutningsvis. Den siste uttalen understreka verkeleg den sterke posisjonen kontaktlærar Åse har i klassen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.



Anders og Karsten overrekte blomar frå ein fornøgd klasse.